

## ROSENDAL OG OMLAND VASSVERK SA (PL) ÅRSMELDING FOR 2012

Rosendal og Omland Vassverk PL er eit vassverk. Føremålet er å levera vatn til husbruk og næring i området Løfallstrand – Rosendal - Seimsfoss. Vi er lokalisert i Rosendal i Kvinnherad kommune.

I styret har vore: Egil Skeie, Ragnhild Pile, Olger Leganger, Tor Øystein Havnerås og Kjell Haugen (styreleiar). Varamenn: Tore Johannes Hatteberg og Reidun Veastad Nerhus. Rekneskapet er ført av Tveit Rekneskap. Revisor er Kari Landre Bjerke ved BDO AS, avdeling Stord.

Det har i året vore 3 styremøte, og styret har handsama 20 saker. I tillegg har det vore fleire møte i samband med vedlikehald og samarbeid med Kvinnherad Kommune.

Det har i året vore selt 9 luter a kr 20.000,-, totalt kr 180.000,-.

Utdrag frå rekneskapet.	2012	2011
Driftsresultat	-38.841	-697.576
Renteinntekter	114.317	190.164
Årets resultat	75.607	-507.412
Lutmiddel	4.583.600	4.403.492
Eigenkapital	13.695.804	13.440.089

Vassverket har fått nye vedtekter og har endra selskapsform til Samvirkelag (SA) i 2012. Dette var registrert i foretaksregisteret før nyttår, men grunna lang sakshandsamingstid har vi ikkje fått ny firmaattest enno.

Vi har i året etablert samarbeid med Tveit Rekneskap AS for å føra rekneskapet. Omlegging til ekstern rekneskapsføring var eit stort arbeid, for heile medlems- og lutregisteret måtte leggest om til eit nytt dataformat. Vi har no eit framtidretta styring system.

Det har i år vore eit leidningsbrot på hovudnettet. Brotet var nedanfor Mehls brua. Det har vore ein del tekniske utfordringar i samband med vedlikehald av nettet I samband med dette arbeidet har deler av leidningsnettet vore avstengt i korte periodar. Beredskapen på vedlikehald fungerer bra. Vi har ikkje hatt problem med vassforsyning eller kokevarsel etter at vi tok i bruk det nye vassbehandlingsanlegget i Hattebergsdalen. Samarbeidet med Kvinnherad Kommune fungerer godt.

Dagleg leiar og rekneskapsfører har til saman fått kr 146.212 i lønn.

Styret vurderer det slik at tilhøva gjev grunnlag for vidare drift av vassverket.

Samarbeidet i styret har vore godt, og vi har meistra dei utfordringane vi har hatt.

I styret er 1 kvinne og 4 menn. Vara medlemer er 1 kvinne og 1 mann.

ROV driv ikkje aktivitet som forureinar det ytre miljø.

Rosendal 19.02.2013

Styret i Rosendal og Omland Vassverk PL



Kjell Haugen



Egil Skeie



Ragnhild Pile



Olger Leganger



Tor Ø. Havnerås